

## 11. Bøker

### 11.1. Nokre resultat

#### Fleire pliktavleverte bøker og lydbøker

Over 10 000 nye boktitlar blei innleverte til Nasjonalbiblioteket i 2011. Korrigererte tal frå Nasjonalbiblioteket syner at det i 2010 blei innlevert 9 870 boktitlar. Det var 600 færre enn i 2009, mens tala for 2011 syner ein auke frå 2010 på 170 boktitlar. 473 nye lydbøker blei også pliktavleverte i 2011. Det er 29 fleire enn i 2010. Pliktavleveringa til Nasjonalbiblioteket omfattar også anna materiale, som for eksempel film, plakatar, digitale filer frå radio og fjernsyn, kart og aviser. Sjå kapittel 9, tabell 9.1.


#### 11 900 titlar i nasjonalbibliografien

I 2011 blei det totalt utgitt om lag 11 900 titlar. Nær hundre prosent av alle titlar utgitte i 2011 er registrerte i nasjonalbibliografien, Norbok. Dette talet er høgare enn tala frå pliktavleveringa til Nasjonalbiblioteket i 2011, da dei registrerer det som er avlevert i løpet av året, mens Norbok inkluderer bøker i utgivingsåret. Sjå kapittel 11.2.

Registrerte titlar i 2011 representerer ein auke på 2 prosent samanlikna med året før. Dei skjønnlitterære boktitlane var i fleirtal, med nær 3 500 registrerte titlar. Om lag 1 400 titlar var samfunnsvitenskap, og knapt 1 300 var bruksretta vitenskap. I 59 prosent av boktitlane var det bokmålstekster, i 5 prosent nynorsk og i 12 prosent engelsk tekst. Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk.

Innanfor skjønnlitteratur er 92 prosent av bøkene på bokmål. Emnekategoriene historie og geografi og religion har òg ein stor del bøker på bokmål, høvesvis 86 og 85 prosent. Bøker i kategorien språk har ein høg del nynorsk, 20 prosent. Historie- og geografibøker har òg ein del bøker på nynorsk, om lag 13 prosent. Engelske bøker dominerer innanfor kategorien naturvitenskap, med 59 prosent. Innanfor bruksretta vitenskap er det 48 prosent engelske bøker. Blant dei registrerte bøkene i 2011 var 72 på samisk, og det er 13 fleire enn i 2010. Delen av samiske bøker blant bøker om språk var på 10 prosent i 2011. Sjå tabellane 11.2 og 11.3.

Figur 11.1. Utgitte bøker, etter emne. 2010-2011. Talet på titlar



<sup>1</sup> Datagrunnlaget er produsert frå BIBSYS-databasen.  
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

I 2011 var det nær 2 100 romanar og om lag 1 000 barne- og ungdomsbøker blant dei 3 400 skjønnlitterære boktitlane. I kategoriene dikt og drama var det høvesvis om lag 180 og 130 titlar. 48 prosent av dei skjønnlitterære boktitlane var norske, mens 52 prosent var utanlandske. Sjå tabell 11.4.

Av dei registrerte boktitlane var 2 900 omsette bøker i 2011, ein auke på litt over 300 samanlikna med 2010. Dette tilsvarar bortimot ein tredjedel av dei registrerte boktitlane. Fleirtalet av titlane er omsette frå engelsk (60 prosent). Samanlikna med 2010 var prosentdelen på titlar omsett frå engelsk 64 prosent. Sjå tabell 11.5.

#### Over 1 800 titlar med barne- og ungdomslitteratur

Det vart utgitt litt over 1 800 titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur i 2011, som er 250 fleire titlar enn i 2010. Om lag 950 titlar var skjønslitteratur, medan knapt 900 var faktabøker. 84 prosent av bøkene var på bokmål, 12 prosent på nynorsk, 3 prosent på samisk, 4 prosent på engelsk og 2 prosent på andre språk. Sjå tabell 11.7.

Det var registrert 8 000 opphavsmenn til originale norske utgivingar i 2011. Av dette var 40 prosent kvinner, som er om lag det same som året før. Den mest mannsdominerte kategorien er historie og geografi, med 77 prosent menn. Kvinner er i fleirtal blant dei om lag 1 100 opphavsmennene til barnebøker, 54 prosent. I 2009 var det 47 prosent kvinner, som syner at kvinndelen har auka 7 prosentpoeng på to år. Innanfor språklitteratur finn ein 50 prosent kvinner. Sjå tabellane 11.1 og 11.8.

**Tabell 11.1. Originale norske utgivingar<sup>1</sup> med norske opphavsmenn<sup>2</sup>, fordelt på kjønn. 2009-2011**

	2009	2010 <sup>3</sup>	2011 <sup>3</sup>
<b>Talet på titlar i alt .....</b>	<b>4 116</b>	..	..
Opphavsmenn i alt .....	5 306	7 177	8 049
Menn .....	3 284	4 378	4 790
Kvinner .....	2 022	2 799	3 259
Av dette			
<b>Barnebøker, totalt tal titlar .....</b>	<b>456</b>	..	..
Opphavsmenn i alt .....	738	1 038	1 086
Menn .....	391	495	496
Kvinner .....	347	543	590


<sup>1</sup> Utan omsyn til språk. <sup>2</sup> Opphavsmenn er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar (av poesi) og andre medarbeidarar som har hatt eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavsmenn, tel kvar person med i statistikken. <sup>3</sup> Datagrunnlaget er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

#### Stabil bokomsetnad

2011-tala frå Den norske Forleggerforening viser at den totale omsetnaden av bøker var på drygt 6 milliardar kroner målt i utsalsprisar. Samanlikna med 2010 er omsetnaden omtrent uendra siste året. Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening hadde ein omsetnad på drygt 4,3 milliardar kroner, ein auke på 1 prosent siste året. Bokklubbforlaga hadde ein nedgang i omsetnaden på drygt 2 prosent samanlikna med 2010, og sidan 2006 har nedgangen i omsetnaden vore på 41 prosent. Sjå figur 11.2 og tabell 11.9.

**Figur 11.2. Bokomsetnad. 2002-2011. Millionar kroner**




Kjelde: Den norske Forleggerforening.

I 2011 selde medlemsforlaga knapt 24 millionar bøker i 2011, ein nedgang på 2,3 prosent frå 2010. Knapt 4 millionar av dei selde bøkene er lærebøker (grunnskole, vidaregåande skole og lærebøker for høgare utdanning). Dette var ein nedgang frå 2010 på drygt 166 000 bøker. Blant lærebøkene finn ein den største nedgangen i talet på selde eksemplar for grunnskolen, 7 prosent, mens lærebøker for høgare utdanning har ein auke i selde eksemplar på 8 prosent.

Det vart selt drygt 1,3 millionar norske skjønnlitterære bøker for barn og om lag 1,5 millionar omsette skjønnlitterære bøker for barn i 2011. Dette gir ein auke på høvesvis 15 og 4 prosent frå 2010. Brutto omsetnad steig med 0,6 prosent for den norske og 3 prosent for den omsette skjønnlitteraturen for barn. Omsett sakprosa for barn har hatt ein auke både i talet på selde bøker og brutto omsetnad, talet på selde bøker har i denne bokgruppa auka med 23 prosent og bruttoomsetnaden med 27 prosent. Norsk sakprosa for barn har hatt ein nedgang i selde bøker på 30 prosent og ein nedgang i brutto omsetnad på 6 prosent.

Omsett skjønnlitteratur for vaksne auka òg i talet på selde eksemplar med drygt 2 prosent eller over 30 100 fleire selde eksemplar. Norsk skjønnlitteratur for vaksne auka med om lag 7 prosent, og omsetnadstala viser ein auke på nær 13 prosent.

**Figur 11.3. Bruttoomsetnad<sup>1</sup> fordelt på bokgruppe. 2008-2011. Millionar kroner**



<sup>1</sup> Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.  
Kjelde: Den norske Forleggerforening.

**Nesten 30 prosent les bøker ein gjennomsnittsdag**

Tal frå Norsk mediebarometer 2011 (Vaage 2012) syner at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 17 minutt på boklesing på fritida per dag. Det var 27 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år som las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag. Dette er like høgt som det rekordhøge talet på 27 prosent i 2009. Frå undersøkinga starta i 1991 har prosentdelen lege mellom 17 og 27.

Det er fleire tendensar som har vore stabile dei siste åra. Det var som vanleg fleire kvinner enn menn som las bøker på fritida i 2011, 35 prosent kvinner og 19 prosent menn. Barn i alderen 9-15 år er stadig ei aldersgruppe der mange les bøker i løpet av dagen, 30 prosent. I 2011 hadde gruppa 67-79 år høgast del boklesarar, med 36

prosent. Dei med høg utdanning les òg i stor grad bøker. Derimot er det ein nokså liten samanheng mellom boklesing og hushaldsinntekt. Ser vi på yrkesstatus, er det særleg personar med yrke som krev høgare utdanning, som er dei ivrigaste boklesarane. Det er òg ein stor del personar som mottek trygdeytningar, og pensjonistar som les bøker. Dei som bur i meir tettbygde strøk, les i litt større grad bøker på fritida. Romanar og noveller er klart mest populært. Sjå tabellane 11.11, 11.12 og 11.13.

## 11.2. Om bokstatistikken

Bokstatistikken er utarbeidd for å kunne gi eit bilete av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte monografiske dokument.

Tilvekststatistikken frå Nasjonalbiblioteket omfattar alt som er kome inn i statistikkåret, medan bokstatistikken er basert på det som er avlevert og registrert i Norbok, nasjonalbibliografien for bøker, og som er utgitt i statistikkåret og utan omsyn til avleveringstidspunkt. Statistikken vert produsert frå BIBSYS når ein reknar med at alt som er utgitt året før, er avlevert og registrert. Dette skjer normalt i mai året etter statistikkåret. I 2011 er det utgitt 2 898 omsette bøker og 9 031 bøker på originalspråket, totalt 11 929 titlar. Tabellane 11.3 til 11.8 syner delmengder av desse tala. Ein del bøker er ikkje klassifiserte, og ulike emne, ulike språk og fleire forfattarar kan finnast i same bok. Tabellane er først og fremst meint for å kunne danne seg eit hovudintrykk av bokmangfaldet (Nasjonalbiblioteket).

*Den norske  
Forleggerforening*

Talet på bokomsetnad og talet på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken til Den norske Forleggerforening. Tala for bokomsetnad byggjer på opplysningar henta inn frå medlemsforlag, bokklubbar og andre aktørar i bokmarknaden. Omsetnaden til forlag som ikkje er medlemmer av foreininga, byggjer dels på innrapporterte tal og dels på skjønn. Elles omfattar bransjestatistikken berre forlag som er medlemmer av foreininga. Tala i tabellane er henta frå bransjestatistikken 2011.

Det var 89 medlemsforlag i foreininga ved utgangen av 2011, og dersom vi ser bort frå nokre mindre forlag som blei medlemmer i 2011, inngår alle forlaga i talgrunnlaget. (Den norske Forleggerforening).

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som tek for seg bruk og lesevanar av bøker, er henta frå Norsk mediebarometer 2011. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Nokre kjennemerke nytta i tabellane:

### *Yrkesstatus (16-79 år)*

Yrkesgruppe 1-2: Administrative leiarar og politikarar, akademiske yrke

Yrkesgruppe 3: Yrke med kortare høgskole- og universitetsutdanning og teknikarar

Yrkesgruppe 4-5: Kontor- og kundeserviceyrke, sals-, service- og omsorgsyrke

Yrkesgruppe 6-9: Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, handverkarar o.l., prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.l., yrke utan krav til utdanning

Yrkesgruppe 0, militære yrke og uoppgitte vert koda om på denne måten: Meinige og uoppgitte blir plasserte i yrkesgruppe 9, befal 1 i yrkesgruppe 3, og befal 2 i yrkesgruppe 1-2.

### *Utdanning (16-79 år)*

Ungdomsskole: Samla utdanningstid på 7-9 år

Vidaregåande skole: Samla utdanningstid på 10-12 år

Universitet/høgskole, kort: Samla utdanningstid på 13-16 år

Universitet/høgskole, lang: Samla utdanningstid på meir enn 16 år

Grupperinga for yrke byggjer på Standard for yrkesklassifisering (NOS C 521). Grupperinga for utdanning byggjer på Standard for utdanningsgruppering i offentlig norsk statistikk (Standard for norsk statistikk nr. 7). Sjå Norsk mediebarometer 2011 for fleire forklaringar.

### 11.3. Omgrep

*Ikkje lenger småtrykk*

Statistikken omfattar bøker og hefter i monografiseriar, det vil seie bøker og hefter som ikkje er periodiske publikasjonar. Frå og med 2010 skil ikkje statistikken mellom bøker og det som i tidlegare statistikk blei kalla småtrykk. Bøker under 49 sider blei før kalla småtrykk.

Tala i statistikken inngår i Norbok-statistikken og omfattar bøker som er gitt ut i førsteutgåver og i nye eller reviderte utgåver, men ikkje bøker i nye opplag. Klassifiseringa av bøker etter emne er gjord etter Deweys desimalsystem.

*Skolebøker inkluderte i statistikken*

Skolebøker for grunnskole og vidaregåande skole er frå og med 2010 inkluderte i statistikken.

### 11.4. Feilkjelder og uvisse

*Restanse*

På grunn av restansar i registreringa av bøker i Norbok bakover i tid vil ikkje alle tala stemme med det som faktisk er gitt ut. Statistikken er å jour frå 2004 til i dag, men frå 2003 og bakover er det framleis materiale som ikkje er registrert.

*Endeleg tal frå 2010*

Inntil 2009 var tala frå Nasjonalbiblioteket rekna som førebelse, og tala frå tidlegare år kunne dermed bli oppdaterte kvart år. Frå 2010 er tala frå Nasjonalbiblioteket endeleg. Tala frå pliktavleveringa kan likevel vere litt forskjellig frå nasjonalbibliografien (Norbok). Ein grunn til dette kan vere at statistikken gjeld det året som bøker er utgitte, og fell ikkje alltid saman med når bøkene er registrerte ved Nasjonalbiblioteket.

#### Referansar

Den norske Forleggerforening: *Bransjestatistikk 2011*.

(<http://www.forleggerforeningen.no/nor/bransjestatistik>)

Nasjonalbiblioteket: (<http://www.nb.no>)

Vaage, Odd Frank (2012): *Norsk mediebarometer 2011*, Statistiske analysar 128, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/medie>)

#### Meir informasjon

Medienorge: (<http://www.medienorge.uib.no>)

Statistisk sentralbyrå (2012) *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127.

(<http://www.ssb.no/emner/07/publikasjoner>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapportar 2009/29, Statistisk sentralbyrå.

([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

Tabell 11.2. Utgitte bøker, etter emne. Talet på titlar. 2000-2011

	Bøker			
	I alt	Av dette førsteutgåver	Originalt norske utgivingar	Originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgitt i Noreg
2000 .....	6 477	5 524	4 443	2 034
2001 .....	6 377	5 462	4 340	2 037
2002 .....	6 864	5 745	4 670	2 194
2003 .....	7 446	6 306	5 160	2 286
2004 .....	7 164	5 984	4 747	2 417
2005 .....	8 431	7 032	5 696	2 735
2006 .....	8 477	7 123	5 696	2 781
2007 .....	8 442	7 038	5 814	2 628
2008 .....	8 835	7 483	6 288	2 547
2009 .....	7 919	6 606	5 361	2 558
2010 <sup>1,2</sup> .....	11 690	..	5 846	2 528
2011 .....	11 929	..	6 301	2 688
<b>2011</b>				
Alminnelege skrifter .....	173	..	153	20
Filosofi .....	214	..	154	60
Religion .....	354	..	252	102
Samfunnsvitskap .....	1 412	..	1 308	104
Språk .....	109	..	89	20
Naturvitskap .....	458	..	394	64
Bruksretta vitskap .....	1 294	..	1 093	201
Kunst, rekreasjon .....	844	..	664	180
Litteratur .....	3 464	..	1 695	1 769
Historie og geografi .....	667	..	499	168
Ikkje klassifisert .....	2 940	..	..	..

<sup>1</sup> Ein mindre del av utgivingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. <sup>2</sup> Datagrunnlaget frå og med 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.3. Bøker, etter utgivarsspråk og emne. 2000-2011

	Bokmål	Nynorsk	Samisk	Engelsk	Andre språk
2000 .....	4 612	411	36	579	4 685
2001 .....	4 539	400	52	598	4 588
2002 .....	4 789	409	66	792	4 840
2003 .....	5 265	540	66	736	5 321
2004 .....	5 145	332	56	794	5 200
2005 .....	5 911	429	92	924	5 979
2006 .....	5 864	439	67	976	5 937
2007 .....	5 708	435	81	1 106	5 790
2008 .....	5 881	446	60	1 298	5 968
2009 .....	5 438	365	62	1 088	5 492
2010 <sup>1,2</sup> .....	6 637	598	59	1 389	223
2011 .....	7 085	636	72	1 514	213
<b>2011</b>					
Alminnelege skrifter .....	110	13	3	54	2
Filosofi .....	181	7	1	30	5
Religion .....	302	29	4	31	15
Samfunnsvitskap .....	1 129	95	8	262	32
Språk .....	62	22	11	26	26
Naturvitskap .....	173	18	9	270	9
Bruksretta vitskap .....	649	41	8	619	21
Kunst, rekreasjon .....	711	76	5	135	23
Litteratur .....	3 195	251	19	34	56
Historie og geografi .....	573	84	4	53	24

<sup>1</sup> Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk. <sup>2</sup> Frå 2010 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.4. Norske og utanlandske skjønnlitterære bøker, etter genre/type. Talet på titlar. 2010-2011

	2010	2011
<b>I alt</b> .....	<b>3 143</b>	<b>3 442</b>
Dikt .....	176	184
Drama .....	87	125
Romanar .....	1 863	2 061
Barn og ungdom .....	881	963
Anna .....	136	109
<b>I alt</b> .....	<b>3 143</b>	<b>3 442</b>
Norske .....	1 472	1 641
Utanlandske .....	1 671	1 801

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.5. Omsette bøker, etter originalspråk. 2000-2011. Talet på titlar

	Bøker					
	Svensk	Dansk	Engelsk	Tysk	Fransk	Andre språk og uoppgitt
2000 .....	168	99	1 471	83	58	155
2001 .....	202	79	1 462	61	83	150
2002 .....	264	124	1 439	83	92	192
2003 .....	323	107	1 517	90	78	171
2004 .....	302	120	1 586	86	83	240
2005 .....	347	155	1 753	120	101	259
2006 .....	350	131	1 768	103	113	316
2007 .....	366	121	1 648	125	112	256
2008 .....	358	98	1 627	100	99	265
2009 .....	291	99	1 775	97	80	216
2010 <sup>1,2</sup> .....	315	131	1 635	99	95	287
2011 <sup>1,2</sup> .....	423	185	1 732	113	134	311

<sup>1</sup> Ein mindre del av utgivingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. <sup>2</sup> Datagrunnlaget er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.6. Andre typar utgivingar. 2002-2011. Talet på titlar

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010 <sup>1</sup>	2011
<b>I alt</b> .....	<b>225</b>	<b>297</b>	<b>303</b>	<b>409</b>	<b>377</b>	<b>420</b>	<b>484</b>	<b>405</b>	<b>503</b>	<b>505</b>
Lydbøker .....	184	238	287	355	335	370	439	389	438	443
CD-ROM .....	39	37	13	20	14	20	16	5	63	56
Kombidokument .....	2	22	3	34	28	30	29	11	2	6

<sup>1</sup> Datagrunnlaget frå og med 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.7. Barne- og ungdomslitteratur, etter genre og utgiverspråk. 2010-2011. Talet på titlar

	2010	2011
<b>Bøker<sup>1</sup></b>		
<b>I alt</b> .....	<b>1 584</b>	<b>1 835</b>
Skjønnlitteratur .....	881	963
Fakta .....	703	872
Bokmål .....	1 336	1 545
Nynorsk .....	217	220
Samisk .....	22	56
Engelsk .....	6	70
Andre språk .....	58	38

<sup>1</sup> Ei bok kan ha fleire språk.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.8. Originale norske utgivingar, (utan omsyn til språk) med norske opphavsmenn<sup>1</sup>, etter emne og kjønn. 2009-2011

	Menn	Kvinner
2009 .....	3 284	2 022
2010 <sup>2</sup> .....	4 378	2 799
2011 <sup>2</sup> .....	4 790	3 259
<b>2011</b>		
Alminnelege skrifter .....	112	63
Filosofi .....	116	85
Religion .....	219	103
Samfunnsvitenskap .....	1 013	675
Språk .....	61	62
Naturvitenskap .....	249	164
Bruksretta vitenskap .....	685	535
Kunst, rekreasjon .....	689	381
Litteratur .....	1 098	1 029
Historie og geografi .....	548	162

<sup>1</sup> Opphavsmenn er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktning (av poesi) og andre medarbeidarar som medverkar med eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavsmenn. <sup>2</sup> Datagrunnlaget er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.9. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetnad til utsalsprisar. 1990-2011. Millionar kroner

	I alt	Medlemsforlag	Andre forlag	Bokklubbar	Bokimportørar	Lydbøker
1990 .....	3 062	1 970	439	469	184	-
1997 .....	4 624	2 708	646	948	322	-
1998 .....	4 906	2 862	655	1 039	350	-
1999 .....	4 916	2 846	628	1 091	351	-
2000 .....	4 682	2 639	567	1 115	361	-
2001 <sup>1</sup> .....	4 645	2 529	491	1 250	375	-
2002 .....	4 984	<sup>2</sup> 2 787	550	1 274	373	-
2003 .....	5 443	3 061	600	1 323	381	78
2004 .....	5 152	3 138	407	1 149	356	102
2005 .....	5 306	3 260	494	1 087	354	111
2006 .....	5 828	3 696	676	959	344	153
2007 .....	6 204	4 137	727	841	310	189
2008 .....	6 237	4 349	864	696	328	<sup>3</sup> 261
2009 <sup>4</sup> .....	6 071	4 326	829	631	285	245
2010 .....	6 054	4 283	958	577	236	-
2011 .....	6 010	4 327	925	563	195	-

<sup>1</sup> Omsetnaden for 2001 er korrigerert med den same multiplikator som er brukt i 2002. <sup>2</sup> Talet er korrigerert for bruttoomsetnaden til bokklubbar. <sup>3</sup> Frå 2008 er ikkje lydbøker inkludert i totaltalet. <sup>4</sup> Talet for bokimportørar er justert for dobbelregistrering på 158 mill. kr i 2009.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 11.10. Den norske Forleggerforening. Omsetnad og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe. 2010-2011

Bokgruppe	Talet på selde eksemplar			Brutto omsetnad <sup>1</sup>			Pris per eksemplar	
	2010	2011	Endring i prosent	2010	2011	Endring i prosent	2010	2011
				1 000 kroner			Kroner	
<b>I alt</b> .....	<b>24 381 320</b>	<b>23 822 957</b>	<b>2,3</b>	<b>4 205 163</b>	<b>4 349 982</b>	<b>3,4</b>	<b>172</b>	<b>183</b>
Grunnskolen .....	2 702 057	2 517 331	-6,8	491 420	459 115	-6,6	182	182
Vidaregåande .....	685 543	648 824	-5,4	255 982	256 354	0,1	373	395
Lærebøker .....	699 395	754 978	7,9	284 695	320 361	12,5	407	424
Fagbøker .....	328 639	255 254	-22,3	102 022	94 688	-7,2	310	371
Norsk sakprosa, vaksne .....	2 827 373	2 618 766	-7,4	602 181	612 797	1,8	213	234
Omsett sakprosa, vaksne .....	1 878 779	1 800 953	-4,1	289 186	298 454	3,2	154	166
Norsk sakprosa, barn .....	356 733	248 482	-30,3	39 311	36 961	-6,0	110	149
Omsett sakprosa, barn .....	899 809	1 102 203	22,5	70 984	90 304	27,2	79	82
Norsk skjønnlitteratur, vaksne .....	1 074 762	1 153 136	7,3	254 800	287 191	12,7	237	249
Omsett skjønnlitteratur, vaksne .....	1 287 151	1 317 246	2,3	229 999	281 939	22,6	179	214
Norsk skjønnlitteratur, barn .....	1 172 871	1 345 216	14,7	193 880	195 048	0,6	165	145
Omsett skjønnlitteratur, barn .....	1 501 215	1 565 272	4,3	199 751	205 933	3,1	133	132
Billegbøker .....	4 305 862	4 586 255	6,5	560 130	635 825	13,5	130	139
Verk .....	40 545	53 040	30,8	28 852	30 141	4,5	712	568
Kommisjonsbøker, lover .....	680 226	517 080	-24,0	94 134	87 110	-7,5	138	168
Fonogram (plater, lydbøker mv.) .....	588 613	546 052	-7,2	113 431	103 164	-9,1	193	189
Norske serieromanar .....	2 251 087	2 165 233	-3,8	268 392	269 680	0,5	119	125
Omsette underhaldningsromanar .....	1 100 660	627 636	-43,0	126 012	84 917	-32,6	114	135

<sup>1</sup> Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.



Tabell 11.11. Minutt brukt til boklesing i gjennomsnitt blant alle og blant lesarar, etter alder og kjønn. 1996-2011

	Gjennomsnitt blant alle								Gjennomsnitt blant dei som les bøker							
	1996	2001	2006	2007	2008	2009	2010	2011	1996	2001	2006	2007	2008	2009	2010	2011
	Minutt															
<b>Menn</b>																
9-15 år .....	4	7	12	7	10	7	9	10	:	:	50	:	44	33	35	46
16-24 " .....	11	8	10	7	8	10	13	12	:	51	61	:	:	72	72	83
25-44 " .....	8	9	8	8	9	10	12	9	56	57	48	50	52	54	61	55
45-66 " .....	9	10	9	10	10	10	7	12	55	51	46	52	57	51	43	58
67-79 " .....	13	12	11	14	15	13	13	21	68	:	:	62	61	57	61	80
<b>Kvinner</b>																
9-15 år .....	10	11	18	12	12	16	13	13	38	43	47	35	41	37	37	37
16-24 " .....	18	7	12	18	12	15	16	19	55	:	75	74	:	77	69	71
25-44 " .....	12	16	17	18	17	20	19	18	61	63	58	67	58	55	61	57
45-66 " .....	20	16	19	16	22	20	18	26	77	56	56	52	71	57	61	70
67-79 " .....	8	16	24	19	12	27	20	36	:	65	84	96	61	75	68	85

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.12. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. 2000-2011

	Prosent						Minutt brukt til lesing av bøker					
	2000	2004	2006	2008	2010	2011	2000	2004	2006	2008	2010	2011
<b>Alle personar .....</b>	<b>20</b>	<b>23</b>	<b>24</b>	<b>23</b>	<b>24</b>	<b>27</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	<b>14</b>	<b>13</b>	<b>14</b>	<b>17</b>
Menn .....	16	19	18	18	19	19	9	9	9	10	10	12
Kvinner .....	24	27	30	28	30	35	14	14	18	17	18	23
<b>Alder</b>												
9-15 år .....	18	28	31	27	31	30	7	9	15	11	11	11
16-24 " .....	19	16	36	15	20	20	13	10	11	10	14	15
25-44 " .....	19	22	23	24	25	24	11	12	13	13	15	13
45-66 " .....	23	25	27	24	22	29	14	13	14	16	12	19
67-79 " .....	20	23	22	22	26	36	13	14	18	13	17	29
<b>Utdanning</b>												
Ungdomsskole .....	10	14	20	12	21	19	6	7	12	8	14	15
Vidaregåande skole .....	17	19	18	17	18	25	10	10	11	11	11	17
Universitet/høgskole, kort .....	29	32	29	34	29	30	15	17	17	19	16	16
Universitet/høgskole, lang .....	31	33	34	35	34	38	20	19	16	21	21	27
<b>Hushaldsinntekt</b>												
1. kvartil .....	19	21	24	26	22	28	12	13	16	19	16	22
2. kvartil .....	19	23	26	21	25	26	12	12	16	11	17	17
3. kvartil .....	19	23	25	24	23	27	9	12	13	13	10	19
4. kvartil .....	27	26	26	30	29	28	13	12	12	14	15	13
<b>Yrkesstatus (16-79 år)<sup>1</sup></b>												
Yrkesgruppe 1-2 .....	29	29	29	28	33	32	15	14	14	15	17	17
Yrkesgruppe 3 .....	24	28	27	30	26	33	13	15	12	17	13	20
Yrkesgruppe 4-5 .....	19	22	21	25	22	22	11	10	13	17	14	13
Yrkesgruppe 6-9 .....	10	11	14	10	10	14	7	5	8	6	5	9
Elevlar/studentar .....	19	17	20	16	24	21	14	12	15	12	20	15
Trygd/pensjonistar .....	21	24	25	21	24	34	15	15	18	13	17	27
Heimearbeidande .....	15	11	23	:	25	26	9	12	27	:	20	24
<b>Landsdel</b>												
Oslo/Akershus .....	26	27	26	28	31	29	15	13	14	17	18	17
Austlandet elles .....	17	22	25	21	23	28	11	11	14	13	13	17
Agder og Rogaland .....	19	17	21	23	20	29	11	9	13	12	10	21
Vestlandet .....	20	22	25	22	26	23	11	11	15	14	16	15
Trøndelag .....	18	30	24	21	22	27	8	14	11	11	15	17
Nord-Noreg .....	17	20	18	20	17	28	13	13	12	10	8	19

<sup>1</sup> For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2. Yrkesklassifiseringa var ikkje den same i 2000 som for resten av åra.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 11.13. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 2000-2011. Prosent**

	Boktype							Anna
	Roman/ novelle	Biografi/ memoarar	Samfunn/ politikk/ kunst/historie	Natur/ teknikk/ friluft	Religiøs litteratur	Skodespel/ dikt	Barne-/ ungdoms- litteratur	
2000 .....	59	7	8	4	3	2	..	17
2001 .....	64	7	8	2	4	1	8	5
2002 .....	64	3	6	3	5	1	10	8
2003 .....	63	7	6	4	3	1	8	9
2004 .....	54	8	7	3	4	0	11	13
2005 .....	67	3	6	3	4	0	8	8
2006 .....	69	6	7	3	2	0	8	4
2007 .....	67	6	5	3	3	0	8	8
2008 .....	64	5	6	2	1	0	10	11
2009 .....	64	6	7	4	3	0	9	7
2010 .....	71	4	6	2	1	1	9	7
2011 .....	72	4	6	1	2	0	7	8
<b>2011</b>								
Menn .....	60	6	11	2	2	0	9	10
Kvinner .....	78	3	3	1	2	0	5	7
<b>Alder</b>								
9-15 år .....	40	4	0	2	0	0	52	2
16-24 " .....	78	2	6	0	4	0	2	9
25-44 " .....	77	1	4	1	3	0	3	11
45-66 " .....	74	5	9	1	2	0	0	8
67-79 " .....	74	7	6	2	2	0	0	9
<b>Utdanning</b>								
Ungdomsskole .....	80	5	10	0	5	0	0	0
Vidaregåande skole .....	75	3	3	1	4	0	1	12
Universitet/høgskole, kort .....	76	4	8	0	2	0	1	9
Universitet/høgskole, lang .....	73	3	11	3	0	0	2	8
<b>Hushaldsinntekt</b>								
1. kvartil .....	72	2	6	2	1	0	2	15
2. kvartil .....	75	5	6	2	2	0	7	4
3. kvartil .....	74	5	6	0	3	0	8	4
4. kvartil .....	70	3	7	2	0	0	9	9
<b>Landsdel</b>								
Oslo/Akershus .....	66	4	9	2	3	0	12	4
Austlandet elles .....	74	2	4	3	1	0	5	11
Agder og Rogaland .....	79	2	4	0	3	0	5	6
Vestlandet .....	70	4	4	0	3	0	7	12
Trøndelag .....	74	7	5	0	0	0	2	12
Nord-Noreg .....	68	4	12	0	5	0	5	7

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.